



Nr. 6 – DESEMBER 1992 – 20 ÅRGANG

RYGJAVEGEN

BEDRIFTSBLAD FOR STATENS VEGVESEN ROGALAND



Også nissen har hatt ein førejulstur gjennom Rennfast-tunnelane. Og det kan sjå ut som han har møtt Galtamannen, –han som levde 5000 år før Kr. og som arkeologane grov fram i vegtraseen.

Men om nissen aldri så mykje stiller seg opp med varselskilt i tunnelmunningen, frå 30. nov. har trafikken gått som han skal på den nye Kyststamvegen gjennom Rennesøy.

Frå opningsseremonien s. 4.



STATENS VEGVESEN
ROGALAND

*God Jul
Godt nyttår*



Nr. 6 - desember 1992

Redaktør
Harald Sel

I redaksjonen
Johan Lund
Eva Vivoll

Redaksjonsråd
Halvor Folgerø
Njål Hanasand
Reidun Lanne
Irene Stangeland
Kjell Einar Tronstad
Solveig Yndesdal

Sats/layout
Bodil Dam Bustad

Trykk
Allservice A/S

Forsideteikning
Toril Haugland

Baksidfoto
Harald Sel

Opplag
1700 eksemplar

Vegsjefens 3 minutter...

Jeg vil benytte denne anledning til å ønske alle ansatte i vegvesenet en riktig god jul. Jeg vil takke dere alle for helhjertet innsats i dette året og ønske dere vel møtt til ny innsats i året som kommer.

Jeg vil også sende en spesiell hilsen med gode ønsker til alle våre pensjonister. Dere er fremdeles en stor ressurs for vår etat som vi i ledelsen setter stor pris på. God jul til dere og deres familier!

1992 har vært et godt og et begivenhetsrikt år for oss. Vi har bl.a. avsluttet et stort prosjekt, Rennfast, og vi har kommet i gang med en av våre neste store utfordringer, Høgsfjordprosjektet. Vi har avsluttet et omfattende planarbeid for vegplanperioden 1994-97, der konturene av vår virksomhet framover i 90 årene begynner å ta form. Det ser ut til at vi fortsatt vil gå spennende og utfordrende tider i møte.

Et av de forhold som det kanskje knyttes mest spenning til, er hvilket forslag Holler-utvalget vil komme med om vår framtidig organisasjon. Personlig håper jeg at Holler-utvalget er tilstrekkelig oppmerksom på at vegvesenet er en tradisjonell vegbyggingsetat og at bygging av vegger fremdeles bør bli en vesentlig del av vår virksomhet.

Vegvesenet er i dag landets største anleggsbedrift, og vi har på en overbevisende måte, synes jeg, vist at dette er noe vi kan bedre enn noen andre. Jeg håper at vi fortsatt får lov til å vise dette.

"Sykkelbyveg" Stavanger - Sandnes

Sykelbykonferansen 1992 i Sandnes blei ein suksess. Ikkje ofte høyrer ein så mange gode og konkrete innlegg som under denne konferansen. Og storparten av det som blei sagt, gleda nok dei mange sykkelfrelse konferansedeltakarane.

Ikkje minst var vår nye vegdirektør, Olav Søfteland, klar, konkret og positiv til ei sterkare sykkelsatsing frå Statens vegvesen si side.

Vegvesenet i Rogaland har bygt fleire km gang- og sykkelveggar enn noko anna fylke, og har fått mykje ros for dette. Likevel. Det prosjektet, som meir enn alle andre, vil kunne føra til at sykkelen blir eit meir brukt transportmiddel i fylket, står igjen: Ein god og lett framkommeleg gang- og sykkelveg mellom Stavanger og Sandnes.

Med dagens gode og raske sykklar, er avstanden mellom dei to byane (ca 15 km) akseptabel, f.eks. ved arbeidsreiser. Og me veit at det er mange tusen pendlarar - begge vegar - mellom dei to byane.

Eit gang- og sykkelvegprosjekt Stavanger - Sandnes vil vera midt i blinken som eit hjelpemiddel for å nå Vegvesenets fire hovudmål, slik som vegdirektøren la vekt på i foredraget på Sykkelbykonferansen.

Og dessutan: Det vil gje stor sysselsettingseffekt. At sysselsettingsmidlar bør brukast til bygging av g/s-veggar, tok ein annan sentral deltakar på Sykkelbykonferansen opp, formannen i Stortinget sin samferdselskomité, John Tveit.

Harald Sel

INNHALD

Vegsjefens 3 minutter	2
"Sykkelbyveg" Stavanger - Sandnes	2
Etter Rennfast	3
Opning av Rv.1 Kyststamvegen Randaberg - Bokn	4
Sykelbykonferansen '92	5
- Sykkelbyprosjektet og sykkelbykonferansen	5
- John Tveit: Meir pengar og større satsing på sykkeltiltak	5
- Olav Søfteland: 90-års satsing på sykkel	6
- Sykkel og tog i sykkelbyen	6
- Kvinner og sykkelhjelm	7
- Sykkelanlegg i by	7
- Vedlikehald frå kommune til stat?	7
Anleggsdrifta i 1993	8
Tungland - Botne offisielt opna ..	10
Ny veg mellom Oanes og Botne	11
Svivande og svingande med Martin	12
Kvalitetsikring av Vegdatabanken	14
Kryssord	15
Oppvask i vegvesenet	16
Julekveldeviser	16
Rygjamat	17
Tunnel eller trafikkrestriksjoner i Østre bydel, Stavanger	17
Sikring av mineralfunn	17
Nytt fra Bedriftsidrettslaget	18
- La oss reisa til Sogn!	18
- Kjente fjes i Stavanger maraton	18
- Hallingkastet	19
- Bedriftsfotball	19
Gang- og sykkelveg gjennom Hå, Klepp og Time	20
Redusert fylkesveg-vedlikehald .	20
Sagt på sykkelbykonferansen ...	20
Forberedelse til pensjonistalderen	21
Personalnytt	21
Overvåking fra Bærheim vegstasjon	22
Tillitsvalgte spalte	23

Etter Rennfast

Av anleggssjef Lidvard Skorpa

Vi har nettopp opna Rv.1 frå Harestad til den nye ferjekaia i Mortavika for trafikk. Med det er det største vegprosjektet i Rogaland gjennom tidene teke i bruk.

Rennfast har vore ein betydningsfull epoke i Statens vegvesen Rogaland si historia. Sidan oppstarten av anleggsarbeidet for omlag 3 år sidan og fram til i dag, har prosjektet prega arbeidet i etaten.

Prosjektet er gjennomført på ein måte som alle kan vere stolte av. Det gjeld ikkje berre sjølve anleggsdrifta, men også alle andre sider som knyttar seg til gjennomføring av eit så stort prosjekt. Dette trur eg har betydd svært mykje for oss som har vårt arbeid i etaten, og for etaten sitt omdømme hos publikum.

Rennfastprosjektet har vist at vi har folk som både kan og vil. Det viser det faktum at vi nesten utan unntak har gjennomført prosjektet ved hjelp av folk som vi hadde i etaten. Vi har gjennomført prosjektstyring og byggeleiling på ein profesjonell måte som eg trur har gitt oss respekt og tillit hos alle entreprenørane som har arbeidd for oss. Vi har også sjølv gjennomført arbeid på ein utmerka måte. Vi har gjennomført tunneldrifta på Mastrafjord II parallelt med private entreprenørar på dei andre stufane, og har vist at vi er like gode som dei.


Berre framtida kan vise om prosjektet vil svare til forventningane med tanke på regional og lokal effekt når det gjeld næringsliv, busetnad o.l. Vi har i alle fall gjort vår del av jobben på ein god måte.

Den viktigaste problemstillinga for oss alle "etter Rennfast" er korleis vi skal klare å dra nytte av den erfaring vi har frå dette prosjektet til stadig å bli bedre. Vi må ikkje berre vere gode til å gjennomføre store prosjekt, men vi må løyse alle oppgåver på ein effektiv måte.

Fylket har idag topp kompetanse frå A til Å når det gjeld tunnelbygging, og denne kompetansen er det viktig at vi prøver å utnytte fullt ut.

Kva andre områder enn tunneldrift kan vi utvikle kapasitet og kompetanse på? Kva med f.eks. betong-konstruksjonar? Her har vi kompetanse på prosjektering og byggeleiling, og vi har dyktige folk når det gjeld utførelse av arbeidet. Det som skal til for å løfte oss eit hakk er å gjennomføre oppgaver som er større enn dei vi har teke på oss i eigenregi til no.

Gjennomføringa av Rennfastprosjektet har vist at vi kan når vi satsar 100% på ei oppgåve. Denne erfaringa må vi ta med oss vidare, - vi må sjå oss om etter nye oppgåver og ta dei som ein utfordring til å vise at vi har evne til å tilpasse oss og vekse med dei oppgåvene vi tek på oss.



STORSTILT RENNFEST-OPNING

30. november 1992



Den store festdagen - med silregn og storm

- Ei storhending, ikkje bare for Rennesøy og Rogaland, men for heile landet - og spesielt for Vestlandet. Slik karakteriserte kommunalminister Gunnar Berge Rennfast-prosjektet sin betydning, før han klippa over den offisielle snora. Det gjorde han med ei heimesmidd sauesaks frå Rennesøy.

Det måtte bli noko ekstra, når det største vegprosjektet i Rogaland gjennom tidene skulle opnast. Og opningsseremonien på

Mortavikaferjeleie blei minnerik på mange måtar - også på måtar som ein gjerne kunne klart seg utan.



Kommunalminister Gunnar Berge med sauesaksa, rett etter snorklippinga som markerte den offisielle opninga av Rennfast. Til venstre for statsråden står ordførar i Rennesøy Svein Helgesen, til høgre vegsjef Chester Danielsen og vegdirektør Olav Sæfteland.

Eln hutrande prosjektleiar, Tor Geir Espedal, avslutta seremonien i Mortavika med å overrekka blomster og helsing frå Vegsjefen til den første bilisten på det nye ferjesambandet Rennesøy - Bokn. Den heldige var Geir Rommetveit frå NRK Hordaland. Også han ser blaut og forblåst ut, der han gjer seg klar til reportasjearbeidet på Rennesøy.



Regnet sila ned - like mykje horisontalt som vertikalt i stormkasta. Likevel var svært mykje folk - både frå Rennesøy og tilreisande - møtt fram.

Alle ville sjå statsråden under snorklippinga. Dermed blei det trengsel og nær på kaotiske forhold. Desverre reiste nok mange heim att blaute, forblåste og forfrosne - og utan å ha sett den historiske opningsmarkeringa.

Men trass alt. Kanskje var eit uver som dette den rette ramma rundt ei novembervegopning av Kyststamvegen gjennom ein øykommune på Vestlandet?

Me er ikkje ukjende med den slags forhold, og festdagen blei like fullt den storstile markeringa som eit prosjekt av Rennfast sitt format skal - og må ha.

Vegsjef Chester Danielsen kalte Rennfast og gjennomføringa av prosjektet for ei ingeniør- og anleggsbragd. Få vil nok seia seg uenige i det.

Nesten alter imponerande. To undersjøiske tunnelar, den eine verdas lengste og djupaste. To fine bruer. Eit ferjeleie, som bør vera ein sterk kandidat til Vakre Vegars pris 1993. Over 20 km nye vegar, som glir fint og estetisk inn i kystlandskapet. Alt dette er bygt for 770 millionar kroner - 110 millionar mindre enn kalkylen. Og ikkje minst; arbeidet - som utgjer ca 600 årsverk - er utført utan alvorlege uhell.

*Rennfast-reportasje:
Harald Sel*

(Rygjavegen kjem tilbake til Rennfastprosjektet og opningsfesten i eit ekstranummer av bladet. Om julefeiringa ikkje fører til forsinking, skal dette vera klart tidleg i januar 1993.)

SYKKELBYKONFERANSEN '92

Sandnes 27., 28. og 29. oktober

Sykkelenbyprosjektet og sykkelbykonferansen

Sykkelenbyprosjektet er sett i gang av- og blir styrt sentralt av Miljøverndepartementet, Samferdselsdepartementet og Vegdirektoratet. Hausten 1990 peika Miljøverndepartementet ut to "pilotbyar" for prosjektet, Sandnes i Rogaland og Tønsberg-Nøtterøy i Vestfold.

Siktemålet med Sykkelenbyprosjektet er å overføre trafikk frå bil til sykkel og ved dette gjera byane meir miljøvennlege.

Som eit av oppfølgingsiltaka i prosjektet, bleiden første sykkelbykonferansen arrangert i Tønsberg hausten 1991, med ca 120 deltakarar. Under årets konferanse i Sandnes var deltakartalet auka til 220. Mellom andre var mange kommunar representert.

Også neste haust blir det arrangert sykkelbykonferanse. Då i OL-byen Lillehammer, som også satsar på å bli sykkelby.



I Sykkelenby Sandnes har Statens vegvesen Rogaland brukt over 19 millionar kroner dei siste par åra til bygging av sykkelveggar og tilrettelegging for sykkelbruk. Til vidare utbygging er det foreslått 10 millionar på 1993-budsjettet.

Til markering av sykkelvegane i byområdet, er det brukt raud asfalt. Her er ein del av deltakarane på Sykkelenbykonferansen på tur i byen for å orientera seg om sykkelveg-satsinga.

Reportasje frå Sykkelenbykonferansen: Harald Sel

Leiaren i Stortinget sin samferdselskomité, John Tveit:

- Meir pengar og større satsing på sykkeltiltak

Leiaren i Stortinget sin samferdselskomité, John Tveit, var særskild klar og konkret, i sitt inlegg under Sykkelenbykonferansen. Og reaksjonane frå salen var tydelege. Konferansedeltakarane likte det dei høyrde

Gang- og sykkelveggar og tilrettelegging for sykkelbruk er for lågt prioritert i samfunnsplanlegginga, sa Tveit. Som eksempel på sykkelens låge status, nemnde han Statens vegvesen - Vegdirektoratet - si årsmelding for 1991. Den inneheld 2 linjer om gang- og sykkelveggar.

Tveit sa vidare at han var forbausa over dei låge måltala for sykkeltiltak som ligg inne i fylkesplanane til Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994-97. Blir desse lagt til

grunn, fører det til ei klar nedtrapping i forhold til den planperioden me er inne i, 1990-93.

- Eg stiller meg tvilande til at Samferdselsdepartementet vågar å leggja fram ein plan med så låge måltal. Ei nedtrapping i arbeidet for å auka sykkelbruk, må vera heilt uaktuell. Tvert om, må det leggjast langt større vekt på dette, sa John Tveit.

Sjansane for større sykkel-satsing og meir midlar til å fremja sykkelbruken er gode, meinte han.

- Sysselsettingsmidlar bør brukast til gang- og sykkelvegbygging. Også ein del av midlane frå bompengeringane bør gå til sykkel- og miljøtiltak. Så planleggarane må liggja i forkant, slik at det fins prosjekt



Leiari i Stortinget sin samferdselskomité, John Tveit.

å gå laus på straks pengane kjem, sa leiaren i Stortinget sin samferdselskomite.



Sykkel og tog i sykkelbyen

Frå 1. januar i år har NSB gjennomført ei storsatsing på Jærbanen mellom Stavanger og Egersund. I Sykkelbyen Sandnes er det mellom anna bygt ny stasjon i sentrum, og NSB satsar på kombinasjonen sykkel og tog.

NSB tilbyr mellom anna rimeleg leige av "togsyklar" på stasjonane og det er bygt sykkelparkerings-anlegg.

På sykkelbykonferansen orienterte markedsdirektør Øyvind Rørslett, NSB, om satsinga på "Sykkel-kollektiv-transport". Han konkluderte med at satsinga i Stavanger/Sandnes har vore ein stor suksess.

Sidan årsskiftet er togtrafikken på Jærbanen meir enn dobla, det er venteliste for å leiga "togsyklar" og sykkelparkeringsanlegga er ofte overfylte.



NSB satsar på kombinasjonen sykkel/tog i sykkelbyen Sandnes og på Jæren. Her frå sykkelparkeringsanlegget ved den nye togstasjonen i Sandnes sentrum.

Samandrag av vegdirektør Olav Søfteland sitt foredrag: 90-års satsing på sykkel

Før 1960 hadde vi få bilar og kortare daglege arbeidsreiser enn i dag. Den lokale persontransporten skjedde stort sett ved å gå, sykla eller ved å ta bussen.

Etter 1960 fekk vi fleire bilar og meir bruk av bil, meir spreidd utbygging og auka lengder for arbeidsreiser og andre reiser. Vi vart meir mobile, men gange og sykling vart ein relativt liten del av folks reisemåte.

Meir biltrafikk førte til større konkurranse om vegareal, miljøulemp, kompliserte trafikksystem og utryggleik. Det vart vanskelegare for dei som framleis ville sykla, noko som igjen førte til mindre bruk av sykkel.



ingen realitet, jfr. utviklinga for kollektivtrafikken. Det er nødvendig med stor innsats frå fleire partar, for at det skal bli ein realitet.

Vegvesenets si satsing

I Statens vegvesen ønskjer vi å yte ein sterk innsats for at sykkelen skal bli eit meir brukt transportmiddel. Vi har mange entusiastar og haldningar i etaten som gjer at eg føler meg trygg på å gi ei programerklæring. Føresetnaden for at vi skal lukkast, er at vi får til ei felles satsing med kommunane.

Statens vegvesen kan i sitt arbeid leggja større vekt på:

- planleggja for meir sykkelbruk
- gi betre plass og kortare veg for syklistane
- arbeida for betre vedlikehald av sykkelvegane
- vurderer regelverket, gi meir informasjon om kvasom er forsvarleg sykkelbruk og leggja større vekt på bruk av sykkel i trafikkopplæringa
- høgare prioritering av sykkelvegane
- rettleiing i bruk og vedlikehald av sykkelen (biltilsynet)
- arbeida for meir samanheng i sykkelvegnettet

Sykkelen og hovudmåla våre

Det er fleire grunnar til at vi bør arbeida for at sykkelen blir eit meir brukt transportmiddel.

Meir bruk av sykkel vil kunne vera eit hjelpemiddel i arbeidet for å nå Vegvesenets fire hovudmål:

- God framkommelegheit
- Høg trafikktryggleik
- Godt miljø
- God publikumsservice

Føresetnaden er at vi gjer det lett og trygt å bruka sykkel.

Positive sider ved sykkelbruk

Det er helsesamt og moro å bruka sykkel. Bruk av sykkelen er eit viktig sosialt element. Tilrettelegging for sykkelbruk gjer det lettare for folk å trefast. Barn kan koma seg meir ut på eiga hand. Det vil ikkje bli like nødvendig som i dag å frakta barn med bil mellom ulike aktivitetar.

Prat og realitet

Ønske om å satsa meir på sykkelen som transportmiddel kan lett bli berre prat og

Kommunane

Kommunane sin innsats er heilt sentral. Sykkelvegnettet er eit lokalt vegnett som mest mogleg bør frigjerast frå bilvegnettet. Som ansvarleg planmyndighet er difor kommunane sin innsats, for å få eit tilfredstillande sykkelvegnett, heilt avgjerande.



Kvinner og sykkelhjelmer

Chris Heymans i Rogaland Syklistforening kom i sitt innlegg med ein

peikefinger mot moralisering og påbod overfor syklistar. Han viste til at sykkelbruken viste stor nedgang i Australia, etter at hjelmer blei påbudt, og heldt fram.

- Hjelmer er ein avvisningsfaktor. Trygg Trafikk har for tida ein kampanje overfor kvinner med dette budskapet: "Kvinner med hodet til pynt, bruker ikkje sykkelhjelmer." Kampanjen kan føra til at mange kvinner sluttar å sykla, meinte Chris Heymans.



Fører kampanjen overfor kvinner om å bruke sykkelhjelmer til at færre kvinner sykklar? Det trur Chris Heymans i Rogaland Syklistforening. Conny Tandrevoll i Trygg Trafikk, her ved organisasjonen si utstilling under konferansen, har delmott tru på kampanjen.

Politikarane

Politikarane sin innsats må først og fremst gje seg uttrykk gjennom kommunane sitt arbeid. Elles er det viktig at både sentrale og lokale politikarar stiller krav til planlegging for sykkelbruk, og løyver pengar til gode og brukbare sykkelanlegg.

Syklistane

Syklisten er ein smidig og ubeskytta trafikant. I samanstyrt med bil vert syklisten den tapande parten. Men det er svært vanskeleg for ein bilist å forholde seg til ein udisiplinert syklist. Det er nødvendig med meir disiplinert og korrekt oppførsel frå syklistane si side, for at sykkelanlegget skal bli eit meir anerkjent transportmiddel.

Politiet

Politiet har ei viktig overvakingsoppgåve for å få betre sykkeltrafikk. Eg vonar at politiet kan få tid til dette arbeidet, men at behovet minkar, slik at dei får meir tid til rettleiing om trafikkreglar og sykkelatferd.

Vegdirektoratet sine strategiske mål

Vegdirektoratet har nyleg revidert sine strategiske mål, og her heiter det mellom anna:

"Riks- og fylkesvegnettet skal ha eit tilferdstillande tilbod for gåande og syklande" og vidare:

"Gåande og syklande skal ha ein større risikoreduksjon enn andre grupper."

Initiativ og tiltak

Dette er noko å strekka seg etter, og eg veit eg har mange gode medarbeidarar både her i salen og rundt om på vegkontora, som gjerne arbeider for desse måla.

Dersom vi no kan få meir fart i planlegginga av gode tiltak for sykkeltrafikken, bør vonene for endå større innsats på litt lenger sikt vera gode.

Presentasjon som engasjerte Sykkelanlegg i by

SYKKELANLEGG I BY, eit hefte utarbeidd av representantar frå Statens vegvesen, Miljøverndepartementet og Syklistenes Landsforening, blei lagt fram på Sykkelbykonferansen.

Heftet gir råd om utforming av sykkelanlegg i by. Stoffet skal vidare bearbeidast av Vegdirektoratet, som vil koma med endeleg tilråding om framtidige løysingar.

Heftet inneheld mellom anna resultat frå studier som TS-Consult, ved Brit Heiberg Lykke og Bjørn Dietrichs, har gjort i 16 byar i 5 europeiske land.

Heiberg Lykke og Dietrich presenterte sine tilrådingar om utforming av sykkelveggar, basert på sine "Europa-studier".

Presentasjonen engasjerte konferansedeltakarane på ein måte som ein ikkje opplever ofte. Kommentarer og tilbakemeldingar var nokså cintydige. Her har Statens vegvesen fått eit materiale på bordet, som vil vera eit viktig bidrag for større- betre- og rettare sykkelveg-satsing.

Satsningsområde

Rådgivar Kjell Spigseth, Miljøverndepartementet, la vekt på at sykkelanlegget er det mest miljøvennlige framkomstmiddelet.

- Sykkelen er både støyfri og røykfri, sa han.

Spigseth sa seg glad for den store interessen for Sykkelbykonferansen.

Vedlikehald frå kommune til stat?

Politisk rådgivar i Samferdselsdep. Gisle Handeland sa i sitt foredrag at departementet vurderer om ikkje vedlikehaldet av gang- og sykkelveggar langs riksvegane bør overførast frå kommunane til Staten.

Eit klarare ansvarsforhold for gang- og sykkelvegssystemet kan vera eit tiltak for å snu den negative ulykkesutviklinga for syklistar, meinte Handeland. Han sa at Samferdselsdep. ser med stor uro på auken i sykkelulykker. Vidare tilrettelegging av gang- og sykkelvegssystem og adferds-påvirkning er difor prioriterte oppgåver.

Anleggsdrifta i 1993

Stortinget skal i desember ta stilling til riksvegbudsjettet for 1993. Dersom forslaget i Stortingsproposisjon nr.1 blir vedteke, får Rogaland ei ramme på 156,9 mill. kroner til anlegg, og dette vil bli den største statlege anleggsløyvinga fylket nokon gong har fått. Tek vi med ekstra finansiering (bompenger etc.) vil den totale summen til anlegg bli ca. 330 mill. kroner. Dette er ein nedgang i forhold til 1992 på grunn av at Rennfast stort sett er avslutta, men det vil likevel ikkje føre til problemer med tanke på sysselsettinga i fylket.

Av Lidvard Skorpa

Av løyvingane vil det gå 54,5 mill. kroner til refusjonar og ca. 20 mill. kroner til grunnverv, planlegging, EDB o.l. Vidare vil det gå med midlar til sluttoppgjør for entreprisar på Rennfast, slik at det reelle beløpet som vil bli brukt til anleggsdrift i 1993 truleg vil ligge opp mot 200 mill. kroner.

Også i 1993 vil anleggsdrifta bli prega av nokre få store prosjekt, E18 Hove - Oslø, Rv.1 i Stavanger (XE18 - XRv.44), Rv.13 Oanes - Botne, og Rv.519 Nordbø - Hanasand. Når det gjeld tiltak innan trafikkikkerhet går 10 mill. kroner, eller bortimot halvparten av midlane, til sykkelbyen Sandnes.

E18 Hove - Oslø

Arbeidet på den siste parsellen av motorvegen utanom Sandnes starta opp i år, og det er forslag om ein bevilgning på 13 mill. kroner i -93. Framdrifta på dette anlegget er forsinka i forhold til det som var tenkt tidlegare.

Så langt vi kan sjå no vil anlegget tidlegast kunne opnast for trafikk i slutten av 1995, eller kanskje først til sommaren 1996. Dersom vi på eit seinare tidspunkt får reduksjon av riksveg-midlane i 1993 vil det råke dette anlegget.

Rv.1 Rennfast

Rv.1 frå Harestad til Mortavika blei opna 30. november, og med det var det meste av anleggsarbeidet på dette rekordstore prosjektet i Rogaland ferdigstilt. I tillegg

er det bygd brusaband til Vestre Åmøy. Arbeida i 1993 vil vere fullføring av veganlegget Rv.519 Nordbø - Hanasand, og bygging av ny ferjekai på Hanasand. Når denne delen er ferdig i juni 1993, vil "Midtsambandet" ende her, og trafikken bli ført vidare over Rennesøy til Rv.1.

Rv.1 Stavanger (x E18 - x Rv.44)

Dette anlegget vil få ein bevilgning på 33,3 mill. kroner i 1993. Arbeidet på den vel 500 m lange tunnelen frå Sentralsjukehuset fram til Rv.44 i Hillcvåg vil venteleg starte opp i januar, og drifta i 1993 vil konsentrere seg om denne tunnelen som vil bli bygd som ein såkalla "cut-and cover" tunnel.

Det kan nemnast at anlegget er utnemnt som demonstrasjonsprosjekt på den såkalla miljømenyen Vegkontoret satsar på, og det vil fylgjeleg bli lagt ekstra stor vekt på miljømessige omsyn med tanke på utforming og gjennomføring av prosjektet.

Rv.11 Gang- og sykkelveg Kvitanes - Våg

Det er inngått finansieringsavtale med

Tysvær kommune om tilskott/forskott på 6,5 mill. kroner for bygging av gang- og sykkelveg på strekningen Kvitanes - Våg. Arbeidet vil starta opp tidlig i 1993. Kommunen har stilt krav om at arbeidet skal lysast ut på anbud.

Rv.13 Oanes - Botne

Denne parsellen inngår som ein del av finansieringsavtalen med Forsand kommune, "Forsandpakken", og er ein fortsetjing av arbeidet på strekningen Tungland - Jøssang som vart opna for trafikk i sommar. I tillegg inngår bru over Lysefjorden som er planlagt starta opp i løpet av 1994.

I og med at ein har fått gjennomslag i Hølleslitunnelen vil anleggsdrifta på strekningen Botne - Høllesli kunne drivast frå begge endar. Større krav til miljøsyn sidan detaljplanen vart godkjend i 1979, har medført justering av veglinja langs Botnevatnet, og bygging av ein ca. 200 m lang tunnel. Arbeidet med utviding av eksisterande veg mellom Oanes og Høllesli vil også starte opp.

Til saman er det rekna med å bruke ca. 35 mill. kroner i 1993 som vil bli dekkja av midlar (tilskott) frå Forsand kommune

Rv.13

Bratlandsdalen
Vi vonar å få til finansieringsavtale med Ryfylkevegen A/S for dette prosjektet med det første, slik at arbeida kan startast opp i 1993.

Ryfylkevegen A/S vil i 1993 ha disponibelt vel 12 mill.

BUDSJETTFORSLAG ANLEGGSMIDLAR TIL RIKSVEGAR 1993

Parsell	Statlege midlar	Bompengar, tilskott, forskott
E18 Hove - Oslø	13,0	
Rv.1 Stavanger (X E18-X Rv.44)	33,3	
Rv.1 Rennfast		106,0
(Inkl. Rv.519 Rennesøy)		
Rv.11 Isvik - Skjold krk.	2,0	
Rv.13 Oanes - Botne		35,0
Rv.45 Hunnedalsvegen	7,1	4,5
Rv.519 Ladstein - Judaberg	15,8	
Sykkelbyen Sandnes	10,0	
Gang- og sykkelveger	5,2	
Spes. trafikkikker tiltak	6,6	2,0
Tiltak for kollektivtrafikk	-	
Spes. miljø- og servicetilt.	1,8	
Planlegging		
Til disposisjon	7,6	
Refusjoner	54,5	
Andre aktuelle prosjekt		
Rv.13 Bratlandsdalen		12,0
Rv.504 Osland - Bue		7,0
Rv.11 G/S-veg Kvitanes - Våg		6,5
Sum	156,9	ca. 173,0
Totalt	ca. 330,0 mill. kroner	



Rv.1 frå E18 - Motorvegen til Rv.44 i Hillevåg blir det største anlegget i 1993, finansiert med statlege midlar. Her frå arbeidet ved Sentralsjukehuset i november 1992. (Foto: Synnøve Helland)

kroner til prosjektet, og vi reknar med at det vil bli sett av 4 nye millionar i 1994, og kanskje også i dei etterfylgjande åra.

Totalt er parsellen som blir kalla Bratlandsdalen I og II 2,9 km lang og kostnadsoverslaget er på ca. 24 mill. kroner. To tunnelar på 230 og 395 m inngår i parsellen.

Rv.45 Hunnedalsvegen

Arbeidet på anlegget vil vere stoppa i vinter og ta til att når snøen er borte. Frå vintersesongen 1993/94 skal vegen haldast open som heilårsveg.

I tillegg til den statlege bevilgninga på 7,1 mill. kroner skal Sirdal kommune yte 4,5 mill. kroner som forskott i 1993.



Her i Bogafjell er arbeidet så vidt i gang på den nye motorvegen - E18 Hove - Osil. Frå 1993 startar anleggsarbeidet for fullt. (Foto: Terje Børsheim)

Rv.504 Osland - Bue

Det vert arbeidd for å få til ein finansieringsavtale med berørte kommunar for utbedringstiltak for i alt 14 mill. kroner på strekningen. Anleggsarbeidet kan kanskje starta opp i 1993.

Rv.519 Ladstein - Judaberg

Dette anlegget fekk bevilgning i 1992 og vil få ytterlegare 15,8 mill. kroner i 1993. På grunn av problemar med å få hovedplanen godkjent har oppstarten blitt svært forseinka. Vi reknar med at arbeidet ikkje vil komme i gang før mot slutten av 1993.

Sykkkelbyen Sandnes

Sykkkelbyen Sandnes vil i 1993 få bevilga 10 mill. kroner frå Staten, slik at arbeidet med å få til gjennomgåande gang- og sykkelvegakser nord-sør og aust-vest gjennom Sandnes sentrum kan vidareførast. Mellom anna vil utbygginga i St. Olavsgate bli vidareført nordover for ca 3 millionar kroner.

Fylkesveganlegg

Det har vore smått med midlar til anleggsdrift på fylkesvegar dei siste åra. I 1993 vil det bli ein oppsving.


Det er foreslått bevilga 7,5 mill. kroner til ny ferjekai på Talgje, og venteleg vil det også bli ført opp bevilgning til Fv. 117 slik at arbeidet med å sikre vegen langs Austrumdalsvatnet kan fortsette. Vi vonar å komme i gang med ein tunnel på vel 250 meter.

Venteleg vil det også bli bevilga ca. 2 mill. kroner til gang- og sykkelveger/trafikk-sikkerhetstiltak.


Det er også å vone at arbeidet med ny Grannesveg vil komme i gang. Stat/fylke har tilsaman bevilga 2,7 mill. kroner for 1992, og venteleg vil det komme meir midlar i 1993.

Valg av driftsform

Med tanke på å sikre full sysselsetting av arbeidsstyrken i åra framover, har vi lagt opp til at vi primært skal drive med egenregi-drift på alle anlegg, bortsett frå Rv.1 i Stavanger og Rv.13 Oanes -Botne. På desse anlegga vil vi rekne ERK på alle anbud som blir utsende, og vi bør ha gode sjansar til å få noko arbeid (ERK) på desse prosjekta.



- Dette er ein stor dag for Strand og heile Ryfylke, sa ordførar i Strand, Tormod Nag, og hogg over snora for å markera den offisielle opninga av vegen Tungland - Botne. Nag blir assistert av formann i Høgstfjordbruene A/S, Roald Bergsaker (t.v.) og vegsjef Chester Danielsen.



Frå lunsjen på Vågen Fjordhotell. På bildet øverst ser me Torleif Samsonsen og Tore Stangeland. I midten, Sveinung Marvik og Olav Stokkenes. Nederst: Unni Helgeland og Magne Hove.

"Nye Rv.13" Jørpeland - Oanes:

Tungland - Botne offisielt opna

Tekst og foto: Harald Sel

Første delen av den nye vegen mellom Jørpeland og Oanes (Rv.13) blei offisielt opna av ordførar i Strand, Tormod Nag, i slutten av oktober. Markeringa skjedde ved munninga på Notvik-tunnelen. Utstyrt med øks, hogg ordføraren over bandet.

4,2 km er den nye vegstubben, og standarden er framifrå. Litt av ei forbetring når ein tenkjer tilbake på denne strekninga av gamle Rv.13.

Etter seremonien ute, var dei som hadde arbeidd på anlegget og andre innbedne gjester samla til lunsj på Vågen Fjordhotell på Jørpeland.

Mellom talarane var ordførar Nag. Han hadde ein svært interessant gjennomgang av samferdsels-historiske milepelar i Strand kommune.

- Opninga av parsellen Tungland - Botne er ein ny milepel i denne historien. Og me har meir i vente om ikkje så lenge. Me ser fram til ein endå større milepel, når den nye Rv.13 kan opnast heilt fram til Oanes, sa Tormod Nag.

Det var statsråd William Engseth som løyvde dei første 3,5 millionane i sysselsettingsmidlar til denne vegstrekninga i 1989. Seinare tilgodesåg statsråd Lars Gunnar Lie prosjektet med einlike stor sum i 1990.

Seinare har det kome meir sysselsettingsmidlar i tillegg til ein del ordinære midlar, slik at arbeidet kunne fullførast. Totalt har den nye vegen kosta vel 25 mill. kr.



Formannen i Høgstfjordbruene A/S, Roald Bergsaker.

Ein del av Forsandpakken:

Ny veg mellom Oanes og Botne

Arbeidet med ny Rv.13 mellom Oanes og Botne er i gang. Dette vil, når arbeidet er ferdig, ha redusert kjørelengda frå 18,7 til 9,7 km. Totalt vil vegen kosta ca. 73 mill. kr og den er planlagt ferdig til fellesferien i 1994.

Av Solveig Yndesdal
Kart: Bodil Dam Bustad

Veganlegget er ein del av Forsandpakken som og omfattar bru over Lysefjorden. Totalt er prosjektet kostnadsrekna til ca 180 mill. kr. Av desse er 62 mill. kr tilskot frå Forsand kommune. Pengane frå Forsand kommune får vi i perioden 1992 - 1994, medan dei statlege bevilgningane kjem i perioden 1994 - 1997.

Traséen

Frå Oanes til Havn vil vegen fylgja eksisterande fylkesveg. Den eksisterande vegen tilfredsstillar ikkje krava til bredde og kurvatur og må derfor utbetras vesentleg.

Frå Havn til Botne skal det byggast ny veg i eit til dels bratt fjellterreng. Ein vesentleg

del av anleggsarbeidet vil derfor bli sprengning og masseflytting. Det skal byggast 2 nye tunnelar, ein på 780 m ved Høllesli og ein på 210 m langs Botnevatnet.

Tunnel i eigenregi

Anleggsarbeid har pågått sidan april, då arbeidet med anleggsveg opp til tunnelen i Høllesli starta. Arbeidet med tunnelen har pågått sidan mai, med gjennomslag i slutten av november. Ved årsskiftet vil tunnelen vera permanent sikra.


Desse førstarbeida er utført av vegvesenet i eigenregi. Resten av arbeidet skal ut på anbud.

Statens Vegvesen vil truleg rekna eigenregi-kalkyle på delar av dette arbeidet.

Miljøhensyn

I haust er det og blitt utført eit omfattande arbeid med å revidera detaljplanen som er frå 1978. Langs heile Botnevatnet er linja flytta inn. Dette fører til at vegen vil ligga meir skjult i terrenget, samtidig som linjeføringa blir betre. Elva frå Botnevatnet og ut i fjorden var opprinneleg planlagt å leggas i røyr med over 20 m fylling over. Her vil vi av miljøhensyn i staden bygge ei 60 m lang bru.

Planarbeidet er no kome så langt at det første anbudet frå Høllesli til Heiavatn vil bli sendt ut i desember. Anbudspapir frå Botnesida vil vi ha klar i februar.



I slutten av oktober rydda ordførar i Strand, Tormod Nag, bort den første krattskogen der vegen frå Botne til Oanes skal gå. Han markerte med dette at anleggsarbeidet er i gang.

Bak Tormod Nag ser me frå v.: Direktør for Ryfylkevegen A/S, Ivar Bjerkeland, Tor Oskar Walskaar, vegvesenet, Roald Bergsaker, Høgsfjordbruene A/S, Bjørn Alsaker, vegvesenet og Ola O. Ingvalstad, Hovedutval for samferdsel.

Svivande og svingande med Martin

Han likar det som sviv, - Martin Nødland. Og så likar han å svinga seg sjøl, - i dansen.

I det daglege arbeidet sviv og svingar det nok mindre. Men han rullar mykje rundt i heile fylket, - med bil. Tilknytt Dekkeseksjonen, driv han med oppmåling av vegane - lengder, breidder, tunnelhøgder. Og så reknar han ut kor mykje asfalt som blir brukt ved legging av nye dekke.

Intervju og foto: Harald Sel

Martin bur i Dirdal, ca 50 km frå Stavanger, der han har bygt hus på heimegarden Nødland.

Med fast stasjon på Vegkontoret i Stavanger og mykje reising i heile fylket, kan dagane bli lange frå han forlet Dirdal om morgonen til han igjen er heime. Ein skulle ikkje tru at han får mykje tid til hobbyar og fritidssyslar. Men somme får til det utrulege. Martin er ein av dei.

Vasskvern

Me brukte orda sviv og sving for å karakterisera Martin sine interesser. Og me skal ikkje gå langt frå huset hans i Dirdal, før me kjem til det eine svivande vidunderet han har laga, - ei vassdrevne kvern med kvernhus av det gamle slaget.

- Det fasinerer meg korleis ein i tidlegare tider fekk det til med mekaniske innretningar drevne av vasskraft, fortel han.

- Heime på garden låg eit par kvernsteinar, og eg leika lenge

med tanken om å byggja opp ei kvern her ved bekken. Så, i 1977, fekk eg med meg Magnus, bror min, og me begynte med kvernkallen. Seinare bygde me det andre som skulle til. Alt blei gjort nøyaktig etter gamlemetoder. Hausten 1978 prøvекjørde me kverna. Det gjekk over all forventning. Alt fungerte, og seinare har kvema svive slik som ho skal.

Sjå og læra

- Men hadde du kunnskap om bygging- og bruken av ei slik vasskvern, før de gjekk i gang med arbeidet? - Eg visste ingenting. Men før eg var ferdig, fans det knapt eit kvernhus i Rogaland og ikkje hadde vore innom. Særleg i Suldal fins det fleire kverner. Og det var så menn mange ting å læra. Svært mange detaljar skal stemma for å få ei vasskvern til å fungera.

Kverna i sjøbergings-samfunnet

At kverna til Martin fungerer, fekk me så vist syn for, då me var med han på maling av haustens havrekom. Ein må bli imponert over effektiviteten. I mjølkista auka det

jamt og trutt. Det ein tidlegare har lese og fått fortalt om - den livsviktige plassen kverna hadde i det norske bondesamfunnet like inn i dette århundret - blir her levandegjort. Skjært korn og godt mjøl var viktig livberging gjennom ein lang vinter. Særleg var det slik før ein tok til med potetdyrkinga frå ca 1750.

“Levande” historie

Kverna er både lokalhistorie, nærings- og kulturhistorie. Dette har skulane i Gjesdal nytta seg av. I fleire år nå har 8. og 9. klassingane i kommunen vore på Nødland kvar haust for å vera med på kornmaling. - Det er gildt å sjå korleis dette slår an mellom ungdomsskuleelevene. Dei er så interesserte. Og så får dei litt mjøl med seg heim, fortel Martin.

Graut og flatbrød

Og havremjølet, det er velsmakande, og det kan brukast til både graut og bakst. Mest vanleg er det nok å baka flatbrød av mjølet. Det har vore ein sunn og god “grunnstein” i tradisjonell norsk kosthald.


Sjøler Martin einivrig flatbrødbakar. Han plar å ha dottera med seg på bagedagane, fortel han. Og då er det ikkje få leivar dei kjevlar ut og steiker.

Hytta

